



språk  
natur  
mangfold  
glede  
latter utvikling  
smil fellesskap  
kultur friluftsliv musikk  
mat hjertevarme omsorg  
humor utfordring klem  
song trygghet leik  
vennskap mestring  
kreativitet

# Tonning Barnehage

Årsplan 2025-2026

# Velkommen til Tonning barnehage

Tonning Barnehage er ein 6 avdelings barnehage som ligg i Stryn sentrum. Vi har tre avdelingar for dei minste barna og tre avdelingar for dei eldste. I Tonning Barnehage møter du og barnet ditt stabile, engasjerte og nære vaksne som er glade i jobben sin. Personal gruppa vår er ei blanding av pedagogar, fagarbeidarar og assistentar, både unge og nokre litt eldre, desse vil gje barna trygge kvardagar med magiske augeblink.

Vi er ein høgskulebarnehage. Det betyr at vi har studentar frå Høgskulen på Vestlandet og Høgskulen i Volda i praksis her hos oss i løpet av året. Vi har også elevar frå ungdomskulen, vidaregåande og norskopplæringa som har praksis i barnehagen vår.

Alle avdelingar våre er mykje ute, både på uteområdet og på turar i nærmiljøet vårt. Sidan vi ligg midt i sentrum er det viktig for oss å bruke naturområda som ligg i nærleiken.

Tonning barnehage har barnehagebuss.

Bussen gjev oss gode moglegheiter til å komme ut på lengre turar. Ullsheim, Roset og Storesundet er nokre av dei plassane vi likar oss godt på. Dette året er det avdeling Regnbogen og Vestavinden som brukar bussen fast.

For oss er ein god barnehagekvardag fylt av tryggleik, omsorg, leik, glede, undring, læring, mangfald, tilhøyrsløysing, vennskap og gode relasjonar.

## *Avdelingane våre er*

### Dei minste barna 0-3 år.

Bamsebo	tlf. 905 06 825
Maurtua	tlf. 404 37 195
Homlebolet	tlf. 905 06 834

### Dei største barna 4-6 år.

Trolltind	tlf. 905 17 319
Regnbogen	tlf. 900 80 768
Vestavinden	tlf. 992 82 588

### Administrasjon

Styrar Malin Carlsson	tlf. 57870441 /952 47 653
Ass. styrar Rita Helen Engen	tlf. 57870440 /481 28 236

Ein god stad å være



Tonning Barnehage bruker  
kommunikasjonsløyisinga Vigilo

# Barnehagens verdigrunnlag

*Barnehagens verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av barnehagens pedagogiske arbeid.*

*Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ein heilheitleg tilnærming til barnas utvikling. Barnehagens samfunnsmandat er, i samarbeid og forståelse med heimen, å ivareta barnas behov for omsorg og lek og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

*Barnehagen skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være eit utfordrende og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. (Barnehagelova § 1)*

## Tonning Barnehage sitt grunnsyn er ALLE MED

Vårt grunnsyn bygger på vårt verdigrunnlag.

For oss som jobbar i Tonning Barnehage betyr **ALLE MED** at kvart barn som går i barnehagen vår skal oppleve å bli sett på som eit spesielt og unikt menneske. Dei skal oppleve at dei kan vere seg sjølv og samtidig ein del av eit fellesskap. Dei skal oppleve eit personale som har tid og anerkjenner barnet der det er.

Verdiar som vi jobbar etter

**Tryggleik** – Vi jobbar for at barnet ditt skal vekse i tryggleik, glede og mestring.

**Leik**- For oss er leik fylt med magi, glede, begeistring og fantasi. Vi jobbar for at alle barn skal delta i leik og erfare glede ved å leike saman med andre.

**Mangfald**- Tonning Barnehage skal spegle mangfaldet i samfunnet i forhold til funksjonsnivå, alder, kjønn, kultur, språk og familiebakgrunn. Vi er opptekne av at barnehagen vår skal vere ein inkluderande stad der barn, foreldre og personalet får vere seg sjølv.

## Barnehagelova



Barnehagen er underlagt lov om barnehager. Barnehagelova er dei øverste juridiske rettsreglane som barnehagane i Norge styres etter.

## Rammeplan for barnehagen



Barnehagens innhald skal bygge på eit samlande læringssyn der omsorg, lek og læring er sentrale deler.

Vår årsplan konkretiserer vårt arbeid utifrå denne planen, og fagområda du finn her.

Rammeplanen finn du på Udir sine nettsider.

[www.udir.no](http://www.udir.no)

## Pedagogisk Grunnplan



Barnehagane i Stryn kommune har utvikla ein felles pedagogisk grunnplan. Denne finner du på Stryn kommune sine heimesider, under Kategori Barnehage – Lover, forskrifter og vedtekter.

# Ny i barnehagen

Barnehagen er ofte barnets første store møte med andre voksne og barn. Vi ynskjer å gjere tilvenninga så god som mulig for ditt barn, slik at de som føresette og barn får ein positiv oppleving av barnehagen vår.

Personalet i Tonning Barnehage er opptatt av å få trygge og tillitsfulle barn. Primærkontakta som ein får tildelt ved oppstart, har ei viktig rolle i forhold til tilvenninga til barna. Primærkontakta sørger for at barn og foreldre får den hjelp og støtte dei treng, for at tilvenningsperioden blir ei god og positiv oppleving.

Vi ser at det er viktig å bruke god tid på tilvenning, der barnet først blir kjent med si primærkontakt, deretter resten av personalet på avdelinga og dei andre barna.

Barn reagerer ulikt på oppstart i barnehagen. Vi legg vekt på god dialog med føresette og tilpassar tilvenninga etter barnet sitt behov.

Dei første dagane i tilvenninga er lagt opp slik at føresette skal vere tilstade i barnehagen saman med barnet.

Barnehagen vil i løpet av dei første vekene ha oppstartsamtale der barnet sitt behov er i fokus.

## Overgangar i barnehagen

Barna skifter avdeling i løpet av barnehage tida.


Intensjonen vår er at det skal minst vere ein kjent voksen med vidare til ny avdeling for å skape trygghet, eller at vi brukar bli kjent dagar på våren der barna blir kjende med ny avdelingar og nye voksne.

Avdelingane våre jobber mykje saman så barn og voksne på ulike avdelingar er kjende.

I Tonning barnehage sikrar vi at barna får trygge overgangar.

Det finst mange overgangar for små barn, frå heim til barnehage, mellom avdelingar og frå barnehage til skule.

## *Overgang mellom barnehage og skule.*



*For å få til ein god overgang mellom barnehage og skule har dei tre sentrumsbarnehagane og Tonning skule utarbeida ein felles plan.*

*Denne kan du finne på Stryn kommune sine heimesider*

# Satsingsområder

## 2025-2026

### Inkluderande praksis – utdanningsdirektoratet

Personalet i Tønning Barnehage har de siste 2 året arbeida med ein kompetansepakke frå utdanningsdirektoratet som heiter Inkluderande praksis. Målet med arbeidet er å styrke personalets kompetanse i å skape eit inkluderande læringsmiljø som fremjer deltaking, tilhøyrsløse og læring for alle barn.

Gjennom arbeidet med kompetansepakken vil vi:

- Auke bevisstheita rundt eigen praksis og forståing av kva inkludering inneberer
- Reflektere over og drøfte konkrete dilemma og case knytt til inkluderande praksis i personalgruppa
- Utvikle felles forståing og praksis med utgangspunkt i fagleg innhald

Arbeidet gjennomførast jamleg i personalmøte og planleggingsdagar, og inngår som ein del av vår kompetanseutviklingsplan. Det blir lagt til rette for refleksjon, deling og praktiske tiltak som skal bidra til personalet kan bruke kunnskapen dei har lært i kvardagen med barna.

### Alternativ og Supplerende kommunikasjon (ASK)

Dette barnehageåret har vi ASK som eit av satsingsområda som er felles i barnehagene i Stryn kommune. ASK handlar om å gje barn som treng støtte i kommunikasjon tilgang til fleire uttrykksformer som bilder, symboler, tegn-til-tale og teknologiske hjelpemidler. Vi arbeider for å skape eit inkluderande språkmiljø der alle barn kan uttrykke seg, bli forstått og delta aktivt i lek og samspel.

Personale vil få kompetanseheving i bruk av ASK, slik at vi betre kan legge til rette for barnas individuelle behov. Målet er å styrke barnas språkutvikling, mestringsfølelse og deltaking i kvardagen. Vi Ynskjer at alle barn i vår barnehage skal føle seg sett, hørt og verdsatt – uansett korleis dei kommuniserer.

*Ein barnehage med leiken som ramme. Gjennom eit felles overordna tema arbeider alle avdelingane etter dette. Det skapar samhald, det skapar glede og smilande barn og vaksne.*

*Pedagog*



*ASK i bruk under måltid i barnehagen*



# TEMA

Barnehagen vår jobbar temabasert. Vi vel oss ut eit tema som er felles for heile barnehagen og dette arbeider vi med gjennom heile året.

Rammeplanen seier at personalet skal legge til rette for fordjuping i barnehagen sitt innhald, og ved at vi jobbar prosjektbasert kan vi legge til rette situasjonar der barna får moglegheit til å utforske, undre og lære i ulike tema.

Vi har valt å ha felles tema i heile barnehagen. Dette gjev moglegheit for å kunne jobbe på tvers av avdelingane og barna har felles opplevingar som dei vidareutviklar i leiken sin.



I år vil vi arbeidet med Eventyr som tema. Eventyr som t.d. Dei 3 små griser og Pepperkakemannen vil bli brukt felles på hausten 2025, i tillegg til eventyr som avdelingane sjølv vel ut.

Eventyr som tema har vi valt fordi vi tykkjer det er ei viktig kulturarv å gje vidare til barna. Eventyr bidreg til leseglede, språkutvikling, fantasi, spenning, kreativitet, følelsar, mangfald og vil gje oss ei god ramme for å utvikle leiken.

I slutten av kvar månad har vi fellessamling i barnehagen. Desse samlingane er ofte knytt opp til temaet vi har jobba med. Då møtes alle barna frå dei ulike avdelingane til song, forteljingar og dramatisering. Kvar avdeling har ansvar for si fellessamling, og barna er delaktige saman med dei vaksne.

*Dei vaksne er til stade i samspelet med barna, vi set oss ned og er tilgjengeleg for barna sine innspel.*

*Vi vurderer kontinuerleg barnas behov ut frå signala dei gjev oss og handlar ut frå det.*

*I tillegg til å sjå kvart enkelt barn skal vi sjå gruppa som ein heilheit, og legge til rette for å skape gode barnegrupper. Vi jobbar for å legge til rette vennskap og gode relasjonar mellom barna.*

*Pedagog*

# Omsorg



## *Vi tek vare på kvarandre*

Tryggleik er ein av kjerneverdiane til Tønning Barnehage. Vi møter alle barn med openheit, varme og interesse, og viser omsorg til kvart enkelt barn. Omsorg og tryggleik ser vi på som dei viktigaste byggesteinane i møte med barn og føresette.

Gjennom samtaler, lesestunder, stellesituasjonar, måltid, påkledning, leik og læring knyter vi gode relasjonar med barna. Vi har ikkje fokus berre på omsorg mellom vaksne og barn, men og mellom barn og barn.

Vi jobbar heile tida med at barna skal vise respekt og omsorg for kvarandre og kunne utvikle gode sosiale ferdigheiter. Denne kompetansen er sentral for at enkeltbarn skal lykkast og trivast, og for at dei skal bli verdsett som venn og likeverdig deltakar i samspelet med andre barn. Eit barn som samhandlar godt med andre, kan både tilpasse seg fellesskapet og være ein synleg deltakar som hevdar sin plass.

For å få dette til jobbar vi i små grupper i deler av dagen. På den måten kan vi ivareta det enkelte barn sine behov, skape leikegrupper og danne vennskap.

*Barn skal oppleve å få trøst og nærheit når noko blir vanskelig. Når konflikter oppstår er dei vaksne der å rettleia og hjelper barna å finne ut av det i lag.*

*Pedagog*



# Leik

*Barn leikar når dei lærer og lærer når dei leikar*

Leiken pregar kvardagen i Tonning Barnehage.

Leiken er eit verktøy for barn til å bearbeide det dei ser, høyrer og opplever. Det er ein viktig sosial arena for barna. Barna skil ikkje mellom leik og læring.

I eit miljø prega av tryggleik og trivsel er barna nysgjerrige, kreative og lærelystne. Dei bruker alle sansar og lærer med heile kroppen. Vi vaksne legg til rette for god leik og læring som stimulerer, utfordrar og gjev nye erfaringar.

I Tonning Barnehage gjev vi barna varierte leikearenaer. Sjølv om vi er glade i å vere ute, ser vi på leiken inne som like viktig. Vi deler barna i grupper og gjev dei tid og rom til å utforske rolleleik, konstruksjonsleik, samspelleik og konsentrasjonsleik (spel, perling, teikning, bokstavar).



Avdelingane er tilrettelagt med leikar for dei ulike aldersgruppene.

Barnehagen har eit stort og variert uteområde som gjev motoriske utfordringar for små og store. Vi har tre å klatre i, bakkar å ake i, flatt terreng til sykling, sandområder til konstruksjonsleik og våt område med småkryp, som barna er nysgjerrige på.

Vi ynskjer å skape rom og tid til at barna kan leike på eige initiativ, ut frå eigne interesser og eigen fantasi, med støtte frå leikande vaksne.

I leiken lærer vi å omgås andre, samarbeide, vise empati og regulere følelsar.

Vi øver på å løyse konflikhtar, dele med kvarandre og skape vennskap.





# Språk

## *Meir enn berre ord*

I løpet av ein dag i barnehagen møter barna ulike kvardagssituasjonar der dei bruker språket sitt aktivt. Det kan være ved måltidet, i leiken, i garderoben, ved matlaging, i samlingar eller om felles opplevingar. Vi snakkar om namn på konkretar, som til dømes pålegg barnet ynskjer, klede dei skal ha på, eller om turen vi har vore på. Eit godt språkstimulerande miljø hos oss er prega av at vi i personalet bruker språket vårt i samspel med borna heile dagen. Vi vaksne er viktige språkmodellar for barna som går i barnehagen.

Med dei minste barna er vi vaksne tolkarar av signal som dei sender ut. Blikk, mimikk og kroppsspråk gjev oss mykje informasjon om korleis barnet har det og kva det ynskjer.

Vi arbeider med språk gjennom lesing, song, rim, rytme og regler. Vi bruker biblioteket i Stryn, og er der på lesestunder med heile barnegruppa eller smågrupper.

Vi gjer oss nytte av oppslagsbøker og barnebøker når vi er ute, og har mange fine stunder i skogen med leik og lesing.

Ei gruppe med barn (3 år) har samla seg rundt leikebordet på avdelinga. I dag er dei på kafé. Tre av barna har fått utlevert kvar si bildebok som fungerer som meny. Ei jente står klar til å ta imot bestillingane.. Kva vil dokke ha å ete? Ein gut peikar ned i menyen sin. Jenta ser på bilde guten peikar på å seier Åååå (med trist stemme) du vil ha sommarfugl? Det har vi ikkje i dag. Men vi har møll!! seier ho med eit smil

# Livsmestring og helse

*Eg kan meistre når eg er trygg*



Noko av det viktigaste som skjer dei første leveåra til barnet, er at dei lærer om seg sjølv, sin eigenverdi, kva følelsar dei har, korleis dei kan vere saman med andre og korleis arbeide for å meistre ulike situasjonar.

For at denne læringa skal skje, må barnet ha følelse av å vere trygg, og ha personar rundt seg som støttar og heiar barnet fram. Når barnet føler seg trygt, både følelesesmessig og fysisk, vil dei utforske, prøve nye ting og lære.

Vi vil gje barna positive sosiale erfaringar saman med vaksne og barn. Der dei lærer å handtere barnehagekvardagens utfordringar og bygge eit positivt sjølvbilde. Dette vil fremje trivsel, livsglede og bidrar til å skape robuste barn som blir i stand til å takle livet sine oppturar og nedturar. Gode positive relasjonar mellom barn-barn og barn-vaksen fremjar barn si psykiske helse og livsmestring.

## *Mat og måltider i barnehagen*

Målet vårt er gode kostvanar bland barna og helsefremjande måltid i barnehagen. For barna si helse og utvikling, er det viktig at maten dei et heime og maten som vert servert her til saman gjev eit sunt og variert kosthald. Barnehagen støttar seg på det faglege grunnlaget som er gjeve i myndighetene sine generelle anbefalingar for ernæring.

Måltid i barnehagen handlar om meir enn å tilby eit variert kosthald med sunn og god mat. Like viktig er det å gje gode ramme for måltida.

I rammeplanen står det at personalet skal legge til rette for at måltider og matlaging bidreg til måltidsglede, deltaking, samtaler og fellesskapskjensle hos barna.

Vi bruker måltida som ein møteplass for sosialt samspel og tilhøyrse.

Måltid betyr samhandling og fellesskap. Det er ein del av danninga vår og bidreg til utvikling av barna sin sosiale kompetanse

For meg er det viktig at barna får oppleve mestringsfølelse, og øve opp evna si til å bli løysningsorientert. Vi oppfordrar barna her til å vere sjølvstendige. Sjølvstendige barn opplever mestring. Om dei klarer å få igjen glidelåsen i jakka, smørje på brødskeiva si sjølv eller gå sjølv. Vi vaksne er oppmuntrande og støttande. Vi gjev dei tid til å klare sjølv, slik at barnet opplever glede ved å få det til, ved å øve, vere tolmelige og kanskje streve litt på vegen.

Det handlar om at vi i personalet ser kvart enkelt barn og kva utfordringar som passar dette barnet.

*Pedagog*

# Berekraftig utvikling

*Vi tek vare på oss sjølv, kvarandre og naturen*

Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, holdningar og praksis for meir berekraftige samfunn. (Rammeplan 2017)

Vi i Tonning barnehage er opptekne av å vere ute, og er mykje på turar i nærmiljøet. Vårt mål er at barna skal bli glade i å ferdast i naturen og samtidig lære seg å ta vare på den, slik at generasjonar etter dei skal få same nytte og glede.

For at våre barna skal oppleve tilhørsle til naturen oppsøker vi dei same stadane/skogsområda. Barna får då eit eigarforhold til naturen. Dei får oppleve ulike naturmiljø, lære å ferdast og meistre ulike utfordringar. Barna får bli kjent med planter, dyr, landskap, naturfenomen, årstider og været.

Alt dette fører til at barna lærer å bli glad i naturen, ønsker å verne leikeplassane sine.



vi plukkar blåbær som vi lagar syltetøy av



Bak barnehagen har vi grønnsakshage. Her får barna vere med å sette grønnsaker på våren og ta dei oppatt på hausten. På basen vår på Roset har vestavinden eigen potetåker.





Barna står å undrar seg over elva som renn og lagar lyd.

Bur det eit troll under her? Planen var eigentleg å komme seg på tur til leikeplassen denne dagen. På vegen gjekk vi forbi ei elv og der vart vi ståande og studere. Barna hadde heller lyst til stå der å sjå enn å gå vidare. Den vaksne som var med på turen tok omsyn til barna si interesse og undra seg ilag med dei i staden for å skynde seg vidare til leikeplassen. Der kan vi gå ein anna dag. I dag var det dette som var det viktige for barna. (Fortalt av assistent, 2 åringane)

## Barns medverknad

### *Vi får lov til å påverke kvardagen*

Barns medverknad handlar om barnas rett til å kunne påverke barnehagekvardagen sin. Medverknad skjer i samspel med andre barn og vaksne. I Rammeplanen står det at alle barn skal kunne erfare og påverke det som skjer i barnehagen. Ser vi det i eit langsiktig perspektiv er medverknad barnas begynnande forståing for demokrati begrepet.

Barna kan medverke i barnehagekvardagen sin på fleire måtar, gjennom val av aktivitetar, utrykk av følelsar og behov, ha innflytelse på leiken, gjennom samtalar.

Vi i Tonning barnehage gjev barna moglegheit til å gjere dette ved å ta det dei uttrykker på alvor, ut frå alder og modning. Vi observerer kva barna meistarar og kva interesser dei har. Vi grip tak i barna sine innspel og utforskar ilag med dei. Vi undrar oss og er nysgjerrige ilag med barna



# Progresjon

## *Vi får erfaringar*

Dei fleste barna går i barnehagen vår i 5 år. I løpet av desse første åra av barnets liv skjer den største utviklinga og læringa for eit menneske. I Tonning Barnehage skal barna møte nye utfordringar som vekker nysgjerrigheit, lærelysta og utforskarlyst.

Tonning Barnehage deler barna inn i aldersbestemte avdelingar. Den pedagogiske grunngevinga for ei slik organisering er at barna då vil finne venner med felles interesser og modning når dei går i same avdeling.

Dei eldste barna har aktivitetar som dei kan bruke lang tid på, til dømes bygge konstruksjonsleik, formingsaktivitetar, lengre turar, lese bøker og klare å halde konsentrasjonen over tid. Dei minste får presentret nye tema i her-og-no situasjonar, og mykje sanseopplevingar og bruk av kroppen.

I løpet av dei 5 barnehageåra skal barn oppleve progresjon i tema og aktivitetar. Personalet observerer barna og legg til rette aktivitetar som passar etter alder og modning, som gjev mestringsfølelse og som barna kan strekke seg etter. Barna får nye opplevingar, erfaringar og vekst.



*3-åringen treng ei støttande hand når ho sager for første gang*



*4- og 5 åring klarer sjølv*





# Førskulegruppa


Førskulegruppa vår heiter Vestavinden. Vi har organisert denne gruppa som ei bussavdeling.

Med tre dagar ute og to dag inne i barnehagen. Bussen tek oss ut i nærområdet vårt. Vi ynskjer at barna skal få nye og spennande leikemiljø, og oppleve glede ved å vere fysisk aktive, kjenne på mestringsfølelse og få dei same erfaringane.

Avdelinga har bygd opp ein naturbase på Roset. Der vi har gapahuk med varmeovn. Her får barna vere med å bygge og jobbe. Vi følgjer årstidene. Frå «slåtten» om sommaren til å lage bobbane på vinteren. Gjennom samarbeid ute i naturen og i ulike kvardagsrutinar vil vi vise korleis vi kan lære av kvarandre, fremje nysgjerrighet og undring.

Vi er opptekne av berekraftig utvikling. Barna skal få erfaring med å gje omsorg og ta vare på omgjevande og naturen. Dette gjer vi ved å hjelpe kvarandre i av- og påkledning, pakking av utstyr, sage ved som vi kan fyre med, plukke søppel og lage mat ute i naturen.

Vi ynskjer å sikre alle barna skal få ta del i og medverke i fellesskapet. Ved å ta del i alt Stryn har å by på gjennom alle årstider.





# Dokumentasjon

Dokumentasjon synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Å dokumentere er å synleggjere kva som skjer i barnehagen for verden rundt. Barnehagen sin dokumentasjon gjev personalet, foreldre, lokalmiljø og kommunen informasjon om kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen.

Dokumentasjon i Tonning Barnehage skjer gjennom:

- Månadsplanar og informasjon skriv
- Informasjon på tavle i garderobane
- Hente og bringe situasjonar
- Facebook
- Foreldresamtalar
- Bilder, tekst og utstillingar

Målet vårt med dokumentasjonen er å gje eit innblikk i barnas kvardag, våre arbeidsmetodar og prosessar..

Vi brukar dokumentasjonen vår til evaluering blant personalet. Vi reflekterer og deler med kvarandre kva vi gjer og det blir brukt i vidare planlegging og progresjon av aktivitetar.


# Vurdering

Vurderingsarbeid handlar om å sikre at alle barna får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Tonning Barnehage er ein lærande organisasjon. Vi er utviklingsorienterte og vurderer pedagogikken vår kontinuerlig for å sikre utvikling.

Dette gjer vi blant anna gjennom:

- Refleksjon og evaluering i personalgruppa
- Brukarundersøking
- Eigenvurdering
- Foreldremøter og foreldresamtalar
- Eigne pedagogmøter og leiarmøter
- Barnesamtaler



Teikna av jente 4 år, frå Regnbogen

## Foreldresamarbeid

«Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem.» (Barnehagelova §1)

Vi legg vekt på at samarbeidet mellom heim og barnehage skal byggje på gjensidig openheit og tillit. Det er viktig for samarbeidet og for barn sin trivsel at foreldra er informert om det som skjer i barnehagen, og kan førebu barnet og etterspørje det som barnet har opplevd i løpet av dagen.

Pedagogisk leiar og barnehagelærar har ansvar for at det blir gjennomført oppstartsamtale og 2 foreldresamtaler kvart barnehage år. Styrar eller andre frå personalet kan også vere med på samtaler. Slik kan vi rettleie kvarandre, utvikle oss og bli betre til å samarbeide med foreldra.

## Foreldreråd og samarbeidsutval

På foreldremøtet i september skal foreldrerådet (som er alle foreldra i barnehagen) velje ein foreldrekontakt frå kvar avdeling. Desse konstituerer seg til foreldrerådsrepresentantar som er medlemmer av Samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ, som består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. I tillegg har Stryn Kommune som eigar av barnehagen ein folkevald representant i samarbeidsutvalet.

Foreldrerådet har ansvar for å ha sosiale arrangement etter ønskje i løpet av barnehageåret. Foreldra kan ta kontakt med foreldrekontakta på si avdeling om det er noko dei vil ta opp i Samarbeidsutvalet.



*Teikna av jente 4 år, frå Regnbogen*

## Samarbeidspartnarar

Tidleg innsats er viktig for ein god og trygg oppvekst.

Nokre gongar er det behov for samarbeid med andre faginstansar for å sørge for ein trygg oppvekst og positiv utvikling

Instansar vi samarbeider med er :

PPT

Helsestasjonen

Barnevern tenesta

BUP

Fysioterapeut

Skule

Personalet har teieplikt.

Barnehagen har opplysningsplikt til barnevernet når det foreligger grunn til alvorleg bekymring for eit barn.

Opplysningsplikta går då framfor teieplikta.

Barnehagen og barnevernet er to aktørar som bidreg til å skape trygge oppvekstvilkår for barn

# Sikkerheit og rutinar i barnehagen

- **Krysselister** – alle avdelingane har lister der dei kryssar inn barna når dei kjem og strekar dei ut når dei går for å ha god kontroll på kven som er i barnehagen.
- **Rutinar for soving i barnehagen**
  - Dei minste søv i egne vogner i vognstallen
  - Der er alltid personalet tilstades når barnet søv
- **Rutinar for tur utanfor barnehagen**
  - Vi tek med liste med kva barn som er med på tur og telefonnr. til foreldra.
  - Barna har vestar med barnehagen sitt namn og telefonnummer på.
  - Førstehjelpsutstyr og telefon skal alltid vere med på tur.
  - Personalet skal bruke sunn fornuft i forhold til å vurdere situasjonar som oppstår.
  - Ved transport i bil/buss/barnehagebussen skal barna vere forskriftsmessig sikra.
- **Sjekk av uteområdet/leikeapparat/leikar**
  - Rutinemessig sjekk kvar veke.
  - Dagleg tilsyn under uteleiken, rutine for varsling om noko er øydelagt/ utrygt og avsperring av område/fjerning av leikeapparat som er farlege.
- **Brannrutinar**
  - Personalet skal til ei kvar tid vere oppdatert på rutinar ved brann/evakuering.
- **Rutinar for hygiene**
  - Gjeldande rutinar er utarbeida etter krav/retningslinjer frå folkehelseinstituttet.
- **Parkeringsplassen/porten**
  - Alle som går gjennom porten er ansvarleg for at dei let den skikkeleg igjen etter seg!
  - Det er alltid dei vaksne som skal opne/stengje porten, barn får ikkje gjere det.
  - Barn skal aldri sleppast ut på parkeringsplassen åleine. Det er mykje trafikk og uoversiktleg. Når barnet er henta er dette foreldra sitt ansvar.
  - Oppfordrar alle om at ein rygger bilen inn når ein skal parkere utanfor barnehagen, dette på grunn av trafiksikkerhet.
- **Politiattest**
  - Alle tilsette må levere politiattest før dei får starte i jobben.
- **Teieplikt**
  - Alle som jobbar i barnehagen har teieplikt, og kan ikkje snakke om barn, foreldre eller familiane deira med nokon utanfor barnehagen.

# Viktige datoar å merke seg



## Planleggingsdagar Haust 2025

6.Oktober

7. Oktober

## Planleggingsdagar Vår 2026

2. Januar

18.mars

3. juli